

**Referat frå møte i styringsgruppa for kommunereforma - fredag 13.05.2016 -
Saksdokument til møtet i kommunestyret 18.05.2016 kl 17.00**

Referat frå møte i styringsgruppe kommunereforma - fredag 13.05.2016 kl. 08.00 – 10.20

Møtestad: Kommuneetnet

Desse medlemene møtte:

Ordførar Atle Kvåle, Ap

Varaordførar Magne Djuvik, Frp

Hans Ekeberg, Ap,

Anne Grethe Gjerdevik, Ap,

Bjarte Samnøy, Krf hadde permisjon til kl 08.30. For han møtte då Toralv Huse som varamedlem.

Aud-May Boge, H

Svein Lang, Sp, fekk permisjon og gjekk frå møtet kl 10.05. Det møtte ikkje vararepresentant. Han var ikkje tilstade då det vart votert i saka.

Margunn Y. Samnøy, Sp

Gustav Folkestad, V,

Roger Hoel, uavhengig

Forfall og møtande varamedlemer:

Mikal Leigland, Sp, hadde forfall. For han møtte Peter –Hans de Zwarte som varamedlem.

3 representantar frå hovudtillitsvalde var kalla inn:

Arbeidstakarorganisasjonane ved hovudtillitsvalde: v/Fagforbundet v/HTV Siw-Ingrid Kaland og Delta v/HTV Linda Ann Lohne deltok i møtet.

Ordførar ba også om at HTV nr 3 vert innkalla til møte i styringsgruppa for kommunereforma –

Svanhild H. Riise, utdanningsforbundet deltok i møtet

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand

Assisterande rådmann Elisabeth Farstad

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Innkalling til møtet var gjort munnleg 04.05.2016 og skriftleg 06.05.2016. Sakspapir vart sendt ut 10.05.2016.

Handsaming:

Gustav Folkestad, V, hadde stilt spørsmål om han var ugild i saka. Han er styreleiar i ASVO Fusa AS. Han hadde gitt utfyllande opplysningar:

ASVO Fusa as er ei forholdsvis lita ASVO-bedrift. Bedrifta ser etter samarbeidspartnarar for å følgja opp føresetnadar frå Fusa kommune som eigar. Styret arbeider med to alternativ, det eine er å få inn fleire på eigarsida eller ha samarbeid med andre ASVO-bedrifter. Dersom det blir gjennomført kommunesamanslåing, vil ein i nye Bjørnefjorden kommune sitja med eigarskap i fleire ASVO-bedrifter, det vil då være naturleg for kommunen å slå saman disse bedriftene. I møtet opplyste Gustav Folkestad at han ikkje følte seg inhabil likevel sidan kommunereforma kan få betydning for svært mange. Han opplever ikkje å ha ein særleg fordel, tap eller ulempe av ein slik karakter at han vert omfatta av 2. leddet i forvaltningslova § 6.

Han gjekk frå møtet. Det møtte ikkje vararepresentant.

Margunn Y. Samnøy, Sp, stilte spørsmål om ho var ugild i saka. Ho er styremedlem i ASVO Fusa AS. Ho gjekk frå. Det møtte ikkje vararepresentant.

Ordførar Atle Kvåle fremja forslag om at Gustav Folkestad vart kjend habil. Framlegget frå Atle Kvåle vart samrøystes vedteke.

Ordførar Atle Kvåle fremja forslag om at Margunn Y. Samnøy vart kjend habil. Framlegget frå Atle Kvåle vart samrøystes vedteke.

J.f. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 2.ledd
Gustav Folkestad og Margunn Y. Samnøy tok plass i møtet.

På vegne av Fusa Framstegsparti, Fusa Høgre, Fusa Venstre og den uavhengige fremja Aud – May Boge, H, følgjande felles framlegg:

Som rådmann sitt forslag med nytt punkt 1:

Intensjonsavtalen vert vedteken og lagt til grunn for prosessen fram mot politisk handsaming i kommunestyret i juni.

Nytt punkt 3. Rådmann blir beden om å utarbeida ein kortversjon av økonomiplan i samband med tertialrapport som grunnlag for sammenligning av aktuelle alternativ.

På vegne av Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet fremja Margunn Y. Samnøy, Sp, følgjande felles framlegg:

Alternativ 3 i K-sak 17/16 burde vore betre utgreidd, men ut frå ein total vurdering av materialet som er tilgjengeleg går Fusa kommune ikkje inn for intensjonsavtalen med kommunane Tysnes og Os.

Framlegget frå Margunn Y. Samnøy fekk 5 røyster og vart tilrådd med ordføraren si dobbeltstemme.

Framlegget frå Aud-May Boge fekk 5 røyster.

(10 røysteføre)

Vedtak:

Alternativ 3 i K-sak 17/16 burde vore betre utgreidd, men ut frå ein total vurdering av materialet som er tilgjengeleg går Fusa kommune ikkje inn for intensjonsavtalen med kommunane Tysnes og Os.

Venleg helsing
Gunn Sissel Teigen
Referent

